ALVER
KOMMUNE

Reknes Byggjevarer L L
Masfjordvegen 187
5986 HOSTELAND

| | | |
|---|---|---|
| Referanser: | Saksbehandlar: | Dato: |
| Dykkar: | Anne Lise Molvik | 27.04.2022 |
| Vår: 20/5234 - 22/31374 | anne.lise.molvik@alver.kommune.no | |

# Mellombels bruksløyve bygg 3 - gbnr 134/263/0/5 Hilland

| | |
|---|---|
| **Administrativt vedtak:** | **Saknr: 450/22** |
| **Tiltakshavar:** | Reknes Eiendom AS |
| **Ansvarleg søkjar:** | Reknes Byggjevarer Ll |
| **Søknadstype:** | Søknad om mellombels bruksløyve |

**VEDTAK**:
**Med heimel i plan- og bygningslova § 21-10, 3. ledd vert det gjeve mellombels bruksløyve for bygg 3 på gbnr 134/263/0/5 på følgjande vilkår:**

1. **Mellombels bruksløyve gjeld heile tiltaket.**
2. **Ferdigattest skal liggja føre innan 31.12.2022.**

Ansvarleg søkjar har ordna med naudsynt sluttdokumentasjon og har erklært at tiltaket er ferdigstilt, med unntak av nokre mindre vesentlege arbeid. Gjennom dette er det stadfesta overfor kommunen at kontroll er utført med tilfredsstillande resultat, og at tiltaket er utført i samsvar med krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og vedtak i saka datert 19.01.2012, 20.02.2015 og 10.11.2020.

Mellombels bruksløyve gjeld bygg 3, seksjon 5.
Følgjande arbeid står att: Terrasse
Ansvarleg søkjar har stadfesta at byggverket har tilfredsstillande tryggleiksnivå til å takast i bruk.

Det vert elles vist til søknad mottatt 21.04.2022.

**VURDERING**
Kommunen legg motteken dokumentasjon til grunn og vurderer at det står att mindre vesentleg arbeid, og finn etter ei samla vurdering at det kan skrivast ut mellombels bruksløyve for bygg 3, seksjon 5.

Ansvarleg søkjar har opplyst at det vil verta send inn søknad om ferdigattest så snart søknad om endring av tiltak (terrasse) er godkjend. Kommunen set frist for ferdigattest til 31.12.2022.

**Skildring**

| | |
|---|---|
| Adresse: | Radøyvegen 49 C og 49 D |
| Bygningstiltak: | Einebustad med hybel/sokkelleilighet |
| Bygningsnummer: | 300 281 444 |
| Bruksareal: | 235,7 $m^2$ |
| Avløp: | Offentleg |
| Vatn: | Offentleg |
| Tal på røykløp: | 0 |

**Oppfølging av mellombels bruksløyve**

Dersom søknad om ferdigattest ikkje ligg føre innan opplyst frist skal kommunen gje pålegg om ferdigstilling. Pålegg om ferdigstilling kan gjennomførast ved sanksjoner.

Bygningen eller delar av han må ikkje takast i bruk til anna føremål enn det løyvet fastset. Bruksendring krev særskilt løyve.

**Regelverk**

- Krav til sluttkontroll og ferdigattest følgjer av plan- og bygningslova (pbl) § 21-10.
- Kommunen kan gje mellombels bruksløyve før ferdigattest, jf. pbl § 21-10 tredje ledd.
- Kommunen skal følgje opp mellombels bruksløyve som er gått ut på dato og eventuelt gi pålegg om ferdigstilling, jf. pbl kapittel 32.
- Viss du skal endre bruken av bygningen krev dette søknad, jf. pbl § 20-1 bokstav d).

**Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegeringsreglement.

**Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 20/5234

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

| | |
|---|---|
| Are Frøysland Grande<br>Avdelingsleiar | Anne Lise Molvik<br>Rådgjevar |

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Reknes Eiendom AS | Masfjordvegen 187 | 5986 | HOSTELAND |

**Mottakarar:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Reknes Byggjevarer L L | Masfjordvegen 187 | 5986 | HOSTELAND |